

REFERAT FRÅ MØTE I PROGRAMUTVAL MEDISIN

Onsdag 11. april 2018
Kl. 13.15 – 15.30
Stad: Rom 437 AHH

Tilstade: Arne Tjølsen (leiar), Kari Indrekvam, Knut Teigen, Jan Gunnar Hatlebakk (vara frå sak 07/18), Olav Tenstad, Nils-Halvdan Morken, Edvin Schei, Ole Jacob Møllerløkken, Tore Lillebø (observatør), Martha H. Dahle (observatør, sak 07/18).
Studentar: Kathrine Nyhus, Gard Aasmund S. Johanson, Anna Ovedie Ellevset (vara)

Administrativt: Evelyn Myrå Holmøy (referent)

Ikkje tilstade: Øystein Hetlevik, Birger N. Lærum. **Studentar:** Solveig Benno Ski, Babar Eide Khan.

I	Godkjenning av innkalling og saksliste Ingen kommentarar
II	Referat frå førre møte 7. februar 2018 Referat frå temamøte med Prosjektgruppe Ny Studieplan 7. mars 2018 Ingen kommentarar
Styrking av studentane si aktive rolle i PUM	
06/18	VEDTAK: STUND som referansegruppe – rapportering til PUM PUM ynskjer å få rapporten som leverast til semesterstyret sendt på kopi til PUM. PUM vil gjerne sjå kommentarane semesterstyret har til rapporten. Studentane er positive til dette og håper det vil bidra positivt til oppfølging av momenta nemnd i STUND-rapportane. Forslaget er i tråd med <u>UiBs kvalitetshandbok</u> . Mogleg det er naudsynt med eit årshjul som teiknar opp når i semesteret ein skal ha gjennomgang av kva emne. I diskusjonen kom det fram at PUM ynskjer at STUND-rapportane inkluderer ei kort liste på 1-3 «oppfølgingspunkt» på starten som oppsummerar det viktigaste frå den enkelte emnerapporten for lesaren/PUM, og at vedtaket reflekterer dette.
VEDTAK	<i>STUND skal kvart semester levere ein rapport til semesterstyret. Rapporten skal innehalde eit kort samandrag med 1-3 oppfølgingspunkt, og skal sendast i kopi til PUM. Semesterstyret gir innan tre månader ei skriftleg vurdering av evalueringresultata, og beskriv eventuelle endringar som vil gjerast i semesteret. Denne vurderinga går både til STUND og til PUM.</i>

PUM vurderer både rapportane frå STUND og semesterstyras vurderingar og forslag. Ved behov kan PUM gå i dialog med semesterstyret og STUND for å bidra til å finne løysingar. Semesterstyra og PUM kan også trekke inn Enhet for læring som pedagogisk rådgjevingsinstans. Ved gjentekne utfordringar som ikkje let seg løyse kan dekanatet takast med i arbeidet for å finne løysingar.

07/18

VEDTAK: Endring av retningslinjer for elektive periodar, innpassing

Komiteen for elektive periodar har lagt fram forslag til revisjon av retningslinjene for elektiv periode, endringane omhandlar hovudsakleg korleis ein skal innpasse emne i elektiv periode.

MFU er langt på veg samd i komiteen si vurdering av at retningslinjene må endrast, men reagerer på formuleringa i saksframlegget om at nokre studentar ynskjer mindre arbeidsmengde. Forslaget medfører utfordringa at studentar på same kull må forholde seg til ulike retningslinjer. Diskusjon om at nye retningslinjer kan inntreffe for framtidige kull heller enn frå ein fastsatt frist, eksempelvis at nye retningslinjer gjeld frå og med kull 17.

Endringa som revisjonen medfører burde vore innlemma i retningslinjene då dei vart oppretta. Nye retningslinjer vil støtte opp om den tenkte funksjonen til elektive periodar: at studentane tar fleire små emne som gir dei smakebitar av ulike emne. (Hatlebakk ankom møtet)

Å unngå fråveret av studentar frå obligatoriske emne i studiet trekkast fram som argument for framlagte revisjon. Revisjonen må vektlegge likebehandling av studentar på same kull. Det blir naudsynt å informere grundig om ei eventuell endring til studentane, tillitsvalde studentar vil hjelpe med dette. Det er òg naudsynt å informere studentane igjen om at det er opp til den enkelte student å finne emne som ikkje kolliderer med ordinær undervisning og praksis i studieprogrammet, dersom studenten ynskjer å nytte høvet til å få innpassa emne frå andre fakultet.

PUM noterer at første setning i siste avsnitt i saksframlegget opplevast negativt av studentane. PUM tar ikkje omsyn til økonomisk argumentasjon. To vedtaksforslag (vesensskilnad utheva):

*Vedtaksforslag 1: føreliggande endringsforslag. Reviderte retningslinjer **trer i kraft frå 1. juli 2018**. 0 stemmer for.*

VEDTAK

*Vedtaksforslag 2: føreliggande endringsforslag. Reviderte retningslinjer **vil gjelde frå kull 17**. 12 stemmer for, 0 stemmer mot. Einstemmig vedtatt.*

08/18

Drøftingssak: Eksamensoppgåver MEDOD1 og MED7

PUM har vurdert eit utval oppgåver frå eksamenssetta MEDOD1 og MED7. LUBer for kvart av emna blir delt ut i møtet.

MED7: tilfelle av eksamensoppgåver som er meir spesifikke enn det ein burde vente at alle studentane lærer seg. Diskusjon om kor skiljet skal gå mellom spesialistkunnskap og generell kunnskap, og korleis ein best skil mellom A-studenten og C-studenten, diskusjon av

	<p>eksamen som verkty for å styre læring. Gjerne fleire kliniske spørsmål. I nokon grad førekomst av parodisk spesifikke spørsmål, for mange gentypar. Skrivefeil som «Psdykiask» framstår som respektlaust overfor studentane. Oppgåve 56 trekkast fram som døme på ei god oppgåve.</p> <p>MEDOD1: ynskje om å sjå på skilnader i resultat frå h2016 og h2017. Spørsmålet om delta er døme på irrelevant spørsmål. Elles mange gode oppgåver i begge eksamenssett. Diskusjonen nemner også praktiske feil i eksamensgjennomføring, så som kluss i Inspira og skrivefeil, som forkludrande element i eksamensavvikling.</p> <p>Etter at PUM vedtok å gjennomgå eksamenssett frå kvart semester, har dekanatet vedtatt å setje ned ein eigen eksamenskomité som skal kvalitetssikre eksamensoppgåvene for PRMEDISIN. PUM går tilbake på vedtaket om å gå gjennom eksamenssett frå alle semester grunna manglande tid til å diskutere den fulle breidda av eksamenssetta innføre rammene av PUM-møta. PUM ynskjer å kunne spele inn moment til eksamensutvalet om kva dei burde inkludere i sine gjennomgangar. Det føreslås at PUM bidrar til mandatet for eksamenskomiteen. Forslag om at ein i PUM også kan diskutere endringar til <i>form</i> for eksamen for det enkelte semester og inkludere kva som motiverer studentane for læring (pisk VS gulrot). Diskutere i haust 2018.</p>
VEDTAK	<i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i>
09/18	<p>Orienteringssak: Elektiv periode – rapport etter første gjennomføring</p> <p>Evaluering etter første elektive periode synleggjer positive erfaringar frå studentar og emneansvarlege.</p>
VEDTAK	<i>Programutvalet for medisin tar rapporten til orientering.</i>
10/18	<p>Orienteringssak: Studiebarometeret 2017</p> <p>Studiebarometeret 2017 er mindre oppløftande lesing enn PUM skulle ynskje. Det er positivt at deltakinga har gått opp til 51% sidan i fjor.</p>
VEDTAK	<i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i>
11/18	<p>Emnerapport i kvalitetsbasen – MED3 og MED4</p> <p>Det kommenterast at ingen fekk karakteren A på eksamen i MED3.</p>
VEDTAK	<i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i>
12/18	<p>Orienteringssak: Emnerapport MEDOD1 hausten 2017</p> <p>Semesterstyreleiar kommenterer karakterfordelinga der mange fekk karakteren A. Det var 10 undervisarar som leverte inn eksamensoppgåver. Studentanes tilbakemeldingar, emneansvarleges tilbakemeldingar og planar for framtida som skissert i rapporten er eit godt døme for framtida. Etter gjennomgang av psykometrien ein får</p>

VEDTAK	<p>levert frå NTNU plar ein justere karakterane, basert på korleis studentane viser seg å gjere det på eksamen.</p> <p><i>PUM tar rapporten til etterretning.</i></p>
13/18	<p>VEDTAK: Eksamensreglement for MED6</p> <p>Semesterstyret for sjette semester har levert forslag til eksamensreglement for MED6.</p> <p>Som del av fakultetets retningslinjer for semestervurdering er det i medisinstudiet mogleg å ta eksamensdelar i to ulike semester (avvik frå UiBs forskrift § 6.3). Semesterstyret ynskjer å unngå at studentane tenker taktisk og tar anten den praktiske eller den teoretiske delen av MED6-eksamenneste påfølgande semester.</p> <p>Dei to delane av eksamen MED6 er tilpassa einannan, og samansetjinga av eksamensspørsmål vil kunne variere frå år til år, slik at mindre fag som samfunnsmedisin eitt år kan vere ein stor del av eksamen. Då er det ein føresetnad at dei to eksamensdelane som er planlagt saman, vert tekne i det same semesteret.</p> <p>Semesterstyret ynskjer difor å følgje UiBs hovudregel.</p> <p>Sjølv om MED12 også har OSKE, er situasjonen ein litt annan i dette semesteret, og dei vil følgje fakultetets utfyllande reglement.</p>
VEDTAK	<p><i>PUM vedtar eksamensreglement for MED6.</i></p>

Orienteringar

- [Konferanse: Veiledning i praksisstudier](#)
 - Semesterstyrer, samansetjing (frist 12.4)
 - Innspel til utdanningsmeldinga 2017 frå PUM, tatt på fullmakt
-

Ymist

- Enhet for læring blir utvida til totalt 200% mellom anna med ei 50% professorstilling. Edvin Schei orienterte om at han er einaste søkar til professoratet. Hans Flaatten er allereie inne i 30%.
-

Arne Tjølsen
Leiar PUM

Evelyn Myrå Holmøy
Sekretær PUM

Kommande saker i PUM: